

Offentleg ettersyn - Detaljregulering for vestleg del av E136 Breivika - Lerstad, gbnr. 39/409 og 38/412 - Høyring i råda**Dokumentinformasjon:**

Saksbehandlar: Ingrid Rekdal Hjelle
E-post: postmottak@alesund.kommune.no

Arkivsak: 25/7246
Journalpost: 26/84509

Behandling:

Saksnummer:	Utval:	Dato:
024/26	Eldrerådet	02.09.2026
032/26	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	02.09.2026
	Ungdomsrådet	

Kommunedirektøren si innstilling:

Saka blir lagt fram utan innstilling.

Saksgang:

Saka går til dei tre medverknadsråda for uttale.

Eventuelle merknader vil bli vurdert og lagt fram for planutvalet for 2. gongs behandling/sluttbehandling.

Samandrag:

Planutvalet vedtok i møte 24.6.2026 å legge forslaget til detaljregulering ut på høyring.

Planen gjeld ei delstrekning av E136 på Lerstad frå området vest for Vandberg-kulverten og austover mot Ålesund rideklubb. Føremålet med planen er å sikre reguleringsgrunnlag for den uregulerte delstrekninga av E136/innfartsvegen mellom Breivika og Lerstad.

Planforslaget er utarbeidd av Norconsult Norge AS på vegner av Statens vegvesen, og legg til rette for utviding av eksisterande E136 frå tre til fire felt, etablering av sykkelveg, støyreduserande tiltak og tekniske løysingar for mellom anna overvasshandtering. Det er regulert til sykkelveg, men den er ikkje prioritert utbygd i denne fasen. Planen sikrer likevel naudsynt areal for framtidig gjennomføring.

Høyringsfristen er sett til 14.9.2026.

Saksopplysningar:

Planforslaget gjeld utviding og vidareføring av eit eksisterande veganlegg som allereie er avklart til samferdselsføre mål gjennom tidlegare planlegging. I kommunedelplanen er

Planområdet omfattar i hovudsak eigedomane gbnr. 39/409 og 38/412, som er eigd av Statens vegvesen, men også noko tilgrensa areal, som er eigd av private. Prosessen med dei private er det SVV som handterer.



- innspela frå offentlege myndigheiter omhandla i hovudsak om naturmangfald, kulturminne, støy, overvatn, vatnmiljø, trafikksikring og teknisk infrastruktur.

- innspela frå private gjeld i hovusak støy, innsyn, skjermingstiltak, anleggsfase, trafikkisikring, tilkomst, behov for samanhengande gang- og sykkelløysingar, samt spørsmål om behovet for konsekvensutredning.

Plankonsulenten har oppsummert og kommentert alle innspela i eit eige merknadsdokument, sjå vedlegg 7.

I denne saka er det to tema som peikar seg ut som dei viktigaste: støy og overvatn/vatnmiljø. Det er desse som har størst betydning både for nærmiljøet rundt planområdet og for vurderinga av planen si samla miljøverknad. Støy er sentralt for bumiljø, mens vatn er det mest sentrale miljøtemaet, mellom anna grunna auke av tette flater og avrenning mot Ratvikvannet naturreservat.

Det er ikkje registrert særleg areal eller funksjonar innanfor planområdet som er viktig for barn og unge, utover at området ved Vandberg-kulverten delvis er knytta til akebakke og ferdsel. Det blir vurdert til at planforslaget ikkje har nemneverdig negativ virkning for barn og unge sine interesser.

Planforslaget blir vurdert til at det vil gi betre trafikkisikring på strekninga.

Tiltaket vil medføre terrenginngrep og nye element som støyskjerm og voll.

Administrasjonen vurderer at dei visuelle konsekvensane er akseptable, sett i lys av at tiltaket gjeld vidareutvikling av eit eksisterande hovudveganlegg.

Vedlagt ligg dokumenta til høyringa. I høyringsperioden ligg dei også ute på heimesida til Ålesund kommune: [Offentleg ettersyn - Detaljregulering for vestleg del av E136 Breivika – Lerstad, gbnr. 39/409 og 38/412 - Ålesund kommune](#)

For meir utgreiande opplysningar, sjå saksbehandlar sitt saksframlegg til planutvalet, som ligg som vedlegg 2

Jon Steven Hasseldal
kommunedirektør

Vedlegg:

1. Høyringsbrev
2. Vedtak og saksframlegg - 1. gangs behandling
3. Plankart
4. Planbestemmelser
5. Planbeskrivelse
6. Varslingsdokumenter
7. Merknadsbehandling og merknader varsel om oppstart
8. E136 Breivika-Lerstad - Vurdering av økt vannslipping til Ratvikvatnet
9. Støyberegninger
10. Skredfarevurdering Breivika - Lerstad
11. Vedtak igangsettelsestillatelse og dispensasjonssøknad
12. Møtereferat fra oppstartsmøte

